

Eldar Heide, forskargruppa
Mytologi , eventyr og forteljing i danning og didaktikk



Presentasjon for HVL-partnerskapsskular 26.09.2017

Kittelsen: Soria Moria slott

Her ser vi forskaren som ser ut over alle vanskane han må over for å koma fram til den ferdige artikkelen som glitrar i det fjerne.....

Mytar, eventyr, segner.....

Oppstod i førmoderne tid

- Ikkje elektrisk lys,vêrmelding, rednings-teneste, tannlegar, hjartetransplantasjon, global kommunikasjon, overflod av mat.....
- Vintermørker med tranlamper, skabb, tannpine, svolt, ungar berrføtte i snø.....

Kort sagt: Mytar, segner og eventyr oppstod under livsvilkår som stod så fjernt frå det vi opplever i dag at det faktisk er vanskeleg å fatte det.



Og dei har ein sterk posisjon i barnehage og skule.

Her ser eg at eg er komen i skade for å la det sjå ut som dette berre er for dei yngste.
Men mytologi m.m. står sterkt også i populærkultur for ungdomar og vaksne.

Kvifor det?

Kva er det ved desse forteljingane som appellerer til oss gjennom alle tider?

Den gongen var forklaring ein viktig funksjon, som når Tor køyrer over himmelen med bukkevogna si og slår med hammaren i torevêr. I dag har vi naturvitenskaplege forklaringar, men mytane fascinerer oss, likevel.

Dette er kjernespørsmålet til denne forskargruppa.

Spørsmål:

- Kva er det i desse forteljingane som talar til oss gjennom alle tider?
- Korleis kan vi forstå dei, djupast sett?
- Korleis vart dei framførde / formidla den gongen, og korleis blir dei det i dag?
- Korleis *kan* dei framførast / formidlast i dag?
- Kva funksjon har dei i dag?
- Kva meinung skaper folk ut frå slike forteljingar i dag?

Vi vil gjerne:

1. Få meir kjennskap til korleis skulane arbeider med mytar, eventyr, segner og andre forteljingar.
2. Få kontakt med skular og lærarar som gjer noko ekstra ut av desse temaa eller har planar om det.
3. Utvikle undervisningsopplegg rundt nokre slike tema i samarbeid med skular.

Vår kompetanse:

- Norrøn filologi
- Litteratur
- Folketradisjon
- Religionsvitenskap
- Drama, særleg i skule- og barnehage-samanheng
- Storytelling
- Uteskule og aktiviserande læring
- Historie

Gruppa har 11 medlemmer, dei fleste her i Bergen, nokre på Stord

Interessert?
Kontakt Eldar Heide
eldar.heide@hvl.no

